



Høyanger kommune
Postboks 159
6991 HØYANGER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Høyanger kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Høyanger kommunestyre har i møte 15.12.2020, sak 99/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Høyanger kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Som følgje av inntekter frå kraftverksemd og Havbruksfondet, har Høyanger samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet svært høge inntekter. Dette gjeld også etter at det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Men med dette som grunnlag, har likevel kommunen over tid hatt svakare sentrale økonomiske nøkkeltal (netto driftsresultat, lånegjeld og fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter) enn samanliknande kommunar i Kostra og gjennomsnittet for landet. Kommunen planlegg med svake resultat i økonomiplanperioden som fører til reduksjon i frie fond og auka lånegjeld. Ei slik utvikling over tid vil svekkje handleevna til kommunen. Statsforvaltaren meiner difor det er nødvendig at kommunen gjennomfører tiltak i drifta for å oppnå overordna økonomiske styringsmål. Dette vil betre handleevna gjennom auka frie fond og høgare eigenfinansiering av investeringane.

Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på – 12,5 mill. kroner, som utgjør – 2,5 prosent av driftsinntektene. Det negative resultatet er dekt ved bruk av disposisjonsfond på 11,7 mill. og bundne fond på 0,8 mill. kroner. Etter førebels rekneskap for 2020 var fondet på 47,2 mill.



kroner, eller 8,8 prosent av driftsinntektene.¹ Tilsvarende tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 11,7 prosent, og for samanliknande kommunar (Kostra-gruppa) er det 11 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettert med 275,2 mill. kroner. Prognosen til KS etter vedtaket til Stortinget om statsbudsjettet og oppdaterte folketal per 01.01.2021, er på 279 mill. kroner. Dette inkluderer 4,7 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følgje av koronapandemien.

Av andre sentrale inntekter er eigedomsskatt budsjettert med 42,2 mill., konsesjonsavgifter 9,7 mill., gevinst for sal av konsesjonskraft og heimfallsinntekter 25 mill. kroner og midlar frå Havbruksfondet 3 mill. kroner. Samanlikna med 2020 er inntekter frå Havbruksfondet budsjettert 5 mill. lågare, eigedomsskatt auka med 2 mill. og gevinst av sal av konsesjonskraft og heimfallsinntekter redusert med 10 mill. kroner. Netto finansinntekter er budsjettert til 29,6 mill., ein reduksjon på 1,2 mill. kroner samanlikna med 2020.

Samanlikna med 2020 er sum driftsinntekter nominelt redusert med 10,3 mill. kroner og driftsutgifter auka med 2,3 mill. kroner. Samla netto løyvingsramme for tenesteområda (sektorane) er på 334 mill. kroner, som er ein nominell reduksjon på 3,8 mill. kroner samanlikna med 2020.

Kommunen har budsjettert med investeringar i anleggsmiddel for til saman 76,6 mill. kroner. Dette skal finansierast med 56,8 mill. i nye lån, kompensasjon meirverdiavgift 12,2 mill. og tilskot 7,6 mill. kroner. Av lånefinansieringa gjeld 15,5 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Førebels rekneskap for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 636 mill. kroner, som utgjer 118 prosent av driftsinntektene. Tilsvarende er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 117 prosent og Kostra-gruppa 100 prosent.²

Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

I økonomiplanperioden aukar sum driftsinntekter med 6,5 mill. frå 2021 til 508,8 mill. kroner i 2024, og driftsutgiftene skal i same perioden reduserast med 15,6 mill., til 494 mill. kroner i 2024. I desse endringane ligg netto reduksjonar i rammene for tenesteområda med til saman 15 mill. kroner. Årlege netto finansutgifter aukar frå 29,5 mill. i 2021 til 33,3 mill. kroner i 2024. Etter dette er det òg budsjettert med negativt resultat i 2022 med – 0,5 prosent av driftsinntektene, svakt positivt i 2023 og 1 prosent i 2023. Sum negativt resultat på 8,4 mill. kroner for heile økonomiplanperioden, blir dekt med bruk av disposisjonsfond (6,3 mill.) og ubunde driftsfond (2,1 mill.) I tillegg er det planlagt at eigenkapitalinnskot til KLP skal finansierast med bruk av disposisjonsfond med til saman 4,8 mill. kroner.

¹ og ² Kostra-tal, førebelse 2020 (kommunar inkl. kommunale føretak (KF), IKS og interkommunale samarbeid)



I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 241,6 mill. kroner, som skal finansierast med nye lån på 192 mill. kroner, momskompensasjon og tilskot. Av lånefinansieringa gjeld 32,5 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Brutto langsiktig lånegjeld er ved utgangen av 2024 for kommunekassa berekna til 724 mill. kroner, som vil bety at gjelda aukar vesentleg meir enn driftsinntektene.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande overordna økonomiske styringsmål:

- Budsjett og økonomiplan skal bidra til ei effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Dette gjennom ei løpande vurdering og tilpassing av tenesteproduksjon, sett i forhold til kommunen sine inntektsrammer.
- Kommunen bør setje av inntil 1,75 prosent av driftsinntektene til finansiering av investeringar og oppbygging av disposisjonsfond. Dette sikrar tilstrekkeleg likviditet til løpande utbetalingar og eigenkapital til investeringar.
- Den langsiktige gjelda bør på sikt tilpassast kravet i overordna styringsmål om økonomisk handlefridom.

I tillegg har kommunen ei meir konkret målsetjing i økonomireglementet om at langsiktig gjeld utanom lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområdet ikkje skal overstige 85 prosent av brutto driftsinntekter.

I budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	1,75 %	- 2,5 %	- 0,5 %	0,2 %	1 %
Langsiktig gjeld ekskl. vidare utlån og lån til sjølvkostområde i % av dr.innt.	85 %	103 %	104 %	107 %	107 %

Statsforvaltaren sine vurderingar

Som følge av inntekter frå kraftverksemd og Havbruksfondet, har Høyanger samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet svært høge inntekter. Dette gjeld også etter at det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Men med dette som grunnlag har likevel kommunen over tid hatt svakare sentrale økonomiske nøkkeltal (netto driftsresultat, lånegjeld og fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter) enn samanliknande kommunar i Kostra og gjennomsnittet for landet. Kommunen planlegg med svake resultat i økonomiplanperioden som fører til reduksjon i frie fond og auka lånegjeld. Ei slik utvikling over tid vil svekkje handleevna til kommunen. Statsforvaltaren meiner difor det er nødvendig at kommunen gjennomfører tiltak i drifta for å oppnå overordna økonomiske styringsmål. Dette vil betre handleevna gjennom auka frie fond og høgare eigenfinansiering av investeringane.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Vestland Revisjon, Hafstadvegen 42, 6800 Førde